

ALVER KOMMUNE

Istandsetjing av Gardsveg til Lammeneset, Sellevoll

Sluttrapport med førespurnad om utbetaling av tilskotsmidlar

Namn på prosjektet: Restaurering «Gardsveg til Lammeneset»

Adresse:

Skarsvegen 484

Postnummer/sted:

5911 Alversund

Gårdsnr/Bruksnr: 147/2 og 147/3, Alver



Den gamle gardsvegen til Norda Stykket, Kupo , Trosvikdalen og Lammeneset er truleg med dei eldste vegane på Sellevoll. Den var innteikna på utskiftningskartet i 1880, og var ein viktig framkomstveg , då fleire av bruka på Sellevoll hadde innmarksbeiter og utmarksslått på Norda Stykket, Lammeneset og Trosvikdalen. Etter 1936, då «byvegen» kom, vart gamlevegen stortsett berre teken i bruk til slåttemarka i Kupo (bruk 3) og til stølen i Trosvikdalen (bruk nr 2).

I arbeidet med «Gamlevegen» var det fleire mindre parti som måtte vølast. Ein del av restaureringa var å setja i stand vegfoten i to brekker på til saman ca 100 meter Av omsyn til dreneringa og arealnyttinga, søkte ein å leggja vegtraseen lenger inn på fjell og berg der det var mogeleg. Også grøfta under vegen var kollapsa og gjorde vegen uframkomeleg forutan til fots. Det tyngste arbeidet vart difor å setje i stand veita, som var heilt øydelagd. Etter eit par dagar med gravemaskin og ei lita veke med handarbeid vart vegen sett tilbake i god stand.

Då «Gamlevegen» går gjennom eit innmarksbeite blei den sådd til med ei kløverengblanding framfor vegduk og grus. Dette vart først og framst gjort av reint estetiske grunnar.

Tiltaket gir betre tilgang til området i nordaust, som er arbeidskrevjande å driva. Vegen vil også bidra til å få hevd att på slåtte -og beitemark. Og sist, men ikkje minst har arbeidet med istandsetjinga vore med å fortelja oss historia om folket på Sellevoll. Slike påminningar kan gje von for framtida. Å halda kulturhistoria vår høgt kan gje kveik i yngre krefter om å halda landskapet i hevd i ei tid der det kan vere utfordrande å driva landbruk som næring.

Arbeidet med «Gamlevegen» vart utført av Svein Litleskare Maskin AS saman med Claus Sellevoll som tiltakshavar.















